

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Mars 2023



Innsetting av ny prest

KonfACTION vest

Påskennatt i Stødle



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:
Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevje
kyrkjevevja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/47 25 35 29



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Tone Heide
Organist
organist@etnekyrkja.no
41 33 64 09

Påskennatt i Stødle kyrkje



Foto: Atle Aas

Ein gong i året feirar kyrkjelyden i Etne gudsteneste på natta. Fram mot klokka 23 påskeafta sig det sakte bilar inn på parkeringsplassen ved gamle, fine Stødle kyrkje. Unge og gamle går stille inn grusgangen og opnar døra. Der får alle eit lite lys med ein enkel lysestake av bretta metallfolie i handa. Men ingen tenner lyset enno. Dei set seg berre stille ned i benkene. På galleriet er forsongarar klare.

I år er det Kari Vik Stuhau som leier gudstenesta påskennatt. Ho kjem inn i kyrkja med ljuset og ordet: «Kristus, ljuset for verda» Og me syng saman med koret: «Dette er natta då Kristus braut dødens lenker og sigrande stod opp frå dødsrike»

For meg er denne gudstenesta den sterkaste gjennom heile kyrkjeåret. Dei gamle veggene i kyrkja, mørket, alle lysa som blir tende, songen, den korte talen og nattverden gjer at forteljinga om oppstoda blir ny og sterk kvar gong. Det at me er litt trøtte er kanskje med på at denne gudstenesta snakkar så sterkt til heile mennesket.

Skal du gå på ei påsegudstenesta i år så kom på Påskennattmesse i Stødle.

God påske frå Marta Onstein

Fjelltur og påskedrama

Det er noko rart med tradisjonar. Kvifor gjer me det slik – på den eine eller den andre måten? Plutsleg skjer det noko som gjer at me avsluttar ein tradisjon. Pandemien gjorde det. Endra vanen med å gå i kyrkja for eksempel.

Er det ein god ting? I Oberammergau heilt sør i Tyskland kunne det kanskje vore freistande å slutta med deira 400 år gamle tradisjon. Men dei gjorde ikkje det.

Pasjonsspelet som skulle blitt gjennomført i 2020 blei i staden utsett eit par år. Det begynte med ein lovnad til Gud frå folket i den vesle landsbyen i 1633. – Dersom Gud kunne spare dei for pesten som herja, skulle dei setja opp eit spel om Jesu siste påskekvart tiande år.

I 2022 vart spelet sett opp for førtiandre gong. 2000 av innbyggjarane i byen med 5400 menneske var med på eller bak scena. Det var ei stor oppleving for meg å få del i den 6 timar lange framsyninga. Også mange andre stader i verda blir påskeshendingane framstilt i gater eller kyrkjer med mykje drama.

Og kva gjer me her på berget? Mange kosar seg med påskekyllingar og fjelltur og det var det. Er det ein god ting? For mange er det godt nok. Men viss me vil at forteljingane om Jesus skal vera levande mellom våre barnebarn og komande generasjonar er det ikkje godt nok.

Endå ein gong blir me inviterte inn i dramaet. Begeistringa då Jesus rei inn i Jerusalem på ein eselfole. Folket hadde høyrte om denne spesielle mannen frå Nasaret, som endåtil hadde vekt Lasarus opp frå døden. Men begeistringa snur. På den lange

fredagen lyder taktfaste rop mot Jesus. Krossfest! Krossfest! Tilhengarane til Jesus har blitt færre. Dei har blitt redde.

Me trur me kjenner historia. Men kanskje er det igjen tid for å leva seg inn i den. Heile dramaet, dag for dag. Du kan gjera det ved å lesa din eigen bibel, heime eller på fjellet. Eller du kan besøka kyrkja. Tradisjon er å overlevera - gong etter gong. Ta vare på og gi vidare, gjennom eit langt tidsløp.

Og når du og eg igjen lever oss inn i forteljinga kan det skje eit nytt møte. Eit møte med Gud. Eit møte med Jesus. Eit møte på tvers. Der den overleverte forteljinga får ny betydning i eit menneske sitt liv. Noko av det som slår meg når eg år etter år les meg inn i evangelieforteljingane om påskedramaet er dei små nøklane som ligg i tekstane. Små nøklar som låser opp og hjelper meg å forstå. Som for eksempel då Kaifas, som var øvsteprest det året, sa: «De skjønar ingen ting. De tenkjer ikkje på at det er betre for dykk at eitt menneske døyr for folket, enn at heile folket går til grunne.»

Eller den romerske offiseren si erkjenning då Jesus var død; Sanneleg, denne mannen var Guds Son!

God påske!

Kari Vik Stubang

Den nye biskopen gler seg til påskejubel

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. – Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudstjeneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin



Ragnhild Jepsen gler seg til å bli vigsla som biskop i Bergen domkirke 16. april.

Foto Gyrid C. Nygaard

og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at

kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?
– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også

vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

Kyrkjeval 2023

Val i kyrkja vert gjennomført kvart fjerde år, og i år er det val-år.

I Kyrkjevalet kan kyrkja sine medlemmer (frå 15 år og oppover) stemma på kandidat til sokneråd i sitt sokn og bispedømmeråd i bispedømme. Bispedømmeråda utgjer kyrkjemøte, som er kyrkja sitt øvste organ, og møtest ein gong i året.

Sjølve valdagen er 11.september.

Det er mogeleg å førehandsstemma på Etne kyrkjekontor måndagar og torsdagar frå 10. august til 8. september kl.10.00-16.00 eller etter avtale. Tlf. 53771170

Meir info om sjølve valdagen og presentasjon av kandidat vil koma i neste nummer av kyrkjeposten.

Fasteaksjonen – Kirkens Nødhjelp

Tirsdag 28. mars får du igjen ein konfirmant på døra di. Ho eller han held fram ei innsamlingsbøsse med spørsmål om du vil støtta Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i mange land. Siste veka før påske går rundt 40.000 frivillige bøsseberarar, - dei fleste er konfirmantar, frå dør til dør og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I 2022 samla kyrkjene inn nær 38 millionar kroner i Fasteaksjonen i Noreg. Ta vel imot konfirmantane! Dersom dei ikkje kjem til deg kan du likevel gi di gáva til kontonummer: **1594 22 87493 eller Vipps 2426.**

I 2014 hadde Kirkens Nødhjelp TV-

aksjonen, og frå dei innsamla midlane var det 1,7 millioner menneske i Tanzania som fekk varig tilgang til reint vann. Landsbyen til 15 år gamle Deodata er ein av desse. Før dette skapte lange tørkeperioder store problem, og dei måtte gå langt for å henta vatn. Deodata brukte tre timar på dette kvar dag, noko som resulterte i at ho ikkje kunne fullføra skulen. Nå tar turen for å henta vatn berre fem minutt og innbyggjarane held seg friske.

Du kan finna meir informasjon om aksjonen her: www.fasteaksjonen.no

konfACTION Vest Framnes



Foto: Trygve Haalan

25. - 28. februar deltok konfirmantane frå Etne og Skånevik på denne leiren.

Det har vore ein innhaldsrik leir, med masse

lærdom i og erfaringar. I løpet av dei fire dagane har me opplevd mykje kjekt, blant anna har me blitt kjent med fleire nye konfirmantar.

Store deler av dagane har me brukt på ulike aktivitetar som for eksempel alpint, fotball, volleyball og mange fleire. Det har og vært mykje song på forskjellige møte, og så har det vært mange ulike mennesker som har snakkt om kristen tru og deira syn på etiske og filosofiske spørsmål. Alt i alt har det vært ein veldig kjekk leir.

Kevin Ribesen



Foto: Kevin Ribesen



Foto: Trygve Haalan



Etne og Skånevik sokn



Kyrkjeporten

Etne og Skånevik sokn er stolte av å senda Kyrkjeporten gratis til alle i kommunen.

Men det er slett ikkje gratis å laga kyrkjeporten. Me strevar heile tida med å finna økonomisk dekning så me kan planlegga eit nummer til.

Difor er me glade for all støtte, og set pris på all hjelp som gjer at me kan halda fram med å laga Kyrkjeporten. Alle monner drar.

Takk for gåva di!

Aud Jorunn Baustad
Kyrkjevevje



Postadresse
Kyrkjeportet
Enge 5
5590 Etne

Besøksadresse
Kyrkjelydskontoret

Epost
kyrkjevevja@etnekyrkja.no

Telefon
53 77 11 70

Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6507278982

Betalingsinformasjon

Gåve til kyrkjeporten

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Etne kyrkjeportet
Enge 5
5590 Etne

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

3543.13.03246

<6507278982>



Frå venstre Prost Svein Arne Theodorsen, Medliturg Reidun Sande, Sokneprest Kari Vik Stuhang, Organist Tone Heide og Sokneprest Egil Larsen.

Innsetting av ny prest

Det var fullsett kyrkje då Kari Vik Stuhaug blei innsett som ny sokneprest i Etne, søndag 19.februar. Gudstenesta begynte med at soknerådsleiar Anne Jorunn Lindevik leste tilsettingsbrevet frå biskopen. Deretter blei den nye soknepresten innsett av prost Svein Arne Theodorsen. Theodorsen ønska Kari velkommen til Etne og gav uttrykk for stor glede over at Kari valde å søkje Etne. I Kari si første gudsteneste i Etne var det både dåp og nattverd, og flott song ved Soul Children og prosjektkoret.

Mange ville helse på Kari etter gudstenesta og salen på bedehuset fylles opp og praten

gjekk livleg. Det var gode ord og helsingar frå soknerådsformann, ordførar og prost. Kari gav uttrykk for at ho gleda seg til å ta fatt på oppgåva og bli kjent med etnebuen.



Gudstenesta er ein plass Gud kjem til oss

Kyrkja si oppgåve er å gi stemme til dei stemmelause. Jesus er forbildet vårt for det. Gudstenesta er den plassen der me tenkjer at menneske møter det heilage, og Gud kjem til oss.

Den nye soknepresten i Etne, Kari Vik Stuhaug, blir engasjert når eg spør om gudstenesta. - Det handlar om å forholde seg til noko som er større enn menneske, media, samfunnet og Putin. Gud kjem til oss. Eg syns det er flott at me alle blir tatt inn i det. Tru blir skapt i den situasjonen. Trua er ei frukt, og ikkje ein føresetnad for å koma til gudsteneste.

Kari har vokse opp i Ølen med dyrlegefar. Familien hadde hytte og skogeigedom i Stordalen, så ho er godt kjend i Etne frå barndommen. Ho er gift med Harald Olav, og bur på gard med mjølkeproduksjon på Sandeid. Dei har tre søner og fem barnebarn.

På fritida er Kari glad i å gå på ski og på fjellturar elles. Ho likar å putla på i hagen, som ho seier, og ho er glad i å vera saman med barnebarn.

Kari og Harald Olav var i 8 år misjonærar i Ecuador for Santalmisjonen. - Der lærte eg å sjå trua og verda frå eit heilt anna perspektiv, seier ho. Urfolket i Ecuador hadde blitt påtvunge kristendom med vold og sverd og levde i vedvarande undertrykking av eit kristent samfunn. Som kvite, rike, kristne vart ein lett oppfatta som ein del undertrykkarane. Kari var oppteken av å forkynna om Jesus som sette fri frå undertrykking.

Kari jobba ti år i Klinik for psykisk helsevern i Helse Fonna, før ho begynte som sokneprest i Ølen, der ho kom frå no. Ho har ofte køyrt gjennom Etne på veg til Valen sjukehus. Læring, meistring og barn som pårørande var tema ho jobba med. Ho har



også vore sjukehusprest i Haugesund.

I helsevesenet erfarte Kari at den overordna kontinuerlege målsetjinga var å dempa lidelse og lindra smerte. Ho lærte at homofile ligg høgare på statistikken for sjølv mord, og med dårlegare både fysisk og psykisk helse. - Angår det kyrkja? spør ho retorisk. Kari seier ho er glad for at Den norske kyrkja har opna for å via homofile, men er enig i at det må vera rom for begge syn.

Då Kari studerte og tok til i jobb var det ikkje alle som syns det var greitt at ho som kvinne blei prest. Ho vart difor ikkje ordinert før ho var vel vaksen og då til teneste som vikarprest i Skånevik. Nå er det sjeldan nokon stiller spørsmål ved kvinneleg presteneste og Kari er trygg i rolla si. - Alt eg har lært i livet får eg bruk for i prestetenesta, seier ho.

Me ønskjer Kari varmt velkommen og lukke til i tenesta her hos oss.

Marta Onstein

Takk til våre annonsører!

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44



LUNDENESET VGS

- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell
studiekompetanse



Misjonssambandet
skoler



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



Liv og røre på kyrkjetorget

Det var god stemning då diakoniutvalget inviterte til eldrefest i Etne kyrkje 16.mars.

Margunn og Stein Gunnar Sandvik underholdt med fin musikk og gode historier frå gamle dagar på Tysnes. Det var god drøs rundt borda medan me kosa oss med blomkålssuppe, kaffi og kaker. Ei lita utlodning

vart det og tid til, og mange hadde vinnarlukka med seg.

Til slutt hadde soknepresten vår, Kari Vik Stuhaug, ei fin andaktstund, før me avslutta festen med å syngja: Jeg er i Herrens hender.

Reidun Solberg Sande



Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprossessar

Vigor
BYGG

Systemhus
Praktisk og trygt siden 1987



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Deg være ære

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei.
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg

Omkvede:

Se, Herren lever! Salige morgenstund
Mørkets makter bever. Trygg er troens
grunn.
Jubelropet runger; Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!

Deg være ære,
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt

Omsett til norsk av Arne Fjelberg i 1947

Eg har valt ein kjend og skjær påskesalme, og
utruleg nok på bokmål. Nynorskversjon har
eg ikkje funne av denne. «Deg være ære»
song vi alltid heime, både i heimen, i skulest-
ova på Eikemo, på bedehuset på Markhus på



møte og i kyrkja.
Tante Haldri,
mamma si tvil-
lingsyster, hadde
denne som ein av
sine kjæraste sal-
mar, og det ikkje
einast til påske. I
gibursdagane hen-
nar var songen
med. I 85-årsdagen

hennar song smågutane våre den, og teksten
var ikkje heilt enkel for han på knappe fem
år. Men tante Haldri skein som ei sol, og alle
vi andre også. I gravferda hennar spela eldste
sonen vår melodien på klarinett. Det var som
det skulle vera. «Deg være ære» vil alltid min-
na meg om påskehelger på Tøsse, om salmer
på radioen, om tante Haldri – og gjer meg ei
varm kjensle i hjarta. I år også kjem songen
til å vera med på Tøsse i påskehelga. Somme
ting skal ikkje forandra seg. Velsigna påske-
helg til alle!

Oddny Irene Miljeteig

LAUAREID
Service

SKL

Ølen Begravelsesbyrå


Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

Gudstenestekalender



02. apr.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
06. apr.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
07. apr.	11:00	Etne kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Egil Larsen
07. apr.	17:00	Skånevik kyrkje	Pasjons	Egil Larsen
08. apr.	23:00	Stødle kyrkje	Påskennattsmesse	Kari Vik Stuhaug
09. apr.	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
09. apr.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
10. apr.	11:00	Fjæra kapell	Gudsteneste	Egil Larsen
16. apr.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
16. apr.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
23. apr.	18:00	Etne kyrkje	Samtalegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
30. apr.	18:00	Skånevik kyrkje	Samtalegudsteneste	Egil Larsen
06. mai.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjon	Kari Vik Stuhaug
07. mai.	11:00	Skånevik kyrkje	Konfirmasjon	Egil Larsen
13. mai.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjon	Kari Vik Stuhaug
17. mai.	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Egil Larsen
17. mai.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17. mai.	13:30	Fjæra kapell	Familiegudsteneste	Egil Larsen
21. mai.	11:00	Frette kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
28. mai.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
28. mai.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
29. mai.	11:00	Dagsturhytta RUS	Friluftsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
04. jun.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
11. jun.	11:00	Skånevik kyrkje/ Eikehaugen	Friluftsgudsteneste	Egil Larsen
11. jun.	19:00	Etne kyrkje	Folkedansmesse	Kari Vik Stuhaug
18. jun.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25. jun.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
25. jun.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen

Gudstenester etter 25. juni er ikkje planlagt ferdig enno. Følg med i Grannar.

Livets gang

ETNE

Døyppte:

2022:

25.12. *Henrik Våge*

2023:

15.01. *Jakob Vik Heggelund*

22.01. *Mia Larsen Nervik*

22.01. *Ellinor Haugland Holmen*

22.01. *Kasper Svendsen Håland*

22.01. *Marcus Børve Andreassen*

19.02. *Frida Sørvåg Heggelund*

19.02. *Ingrid Sørvåg Heggelund*

19.02. *Daniel Lærdal*

05.03. *Ingeborg Grindheim*

19.03. *Einar Nesheim Drange*

Gravlagde/bisette:

2022:

16.12. *Synnøve Brendeland*

22.12. *Jørund Flesland*

2023:

18.01. *Ester Staupe*

03.02. *Ove Støpamo*

14.02. *Astrid Handeland*

02.03. *Gunvor Grindheim*

03.03. *Ragnfrid Samland*

Kyrkja har dåpskjolar til utlån



Det er ei av dei største hendingane i livet når eit nytt barn kjem inn i familien.

Og i kyrkja gler me oss over å få vera med og feira barnet og at barnet i dåpen blir med i kyrkjelyden og Guds store familie.

På kyrkjekontoret har me to flotte dåpskjolar til gratis utlån. Den eine er strikka i bomullsgarn, og den andre er sydd i bomullsblondstoff.

Sloyfer i både rosa og blått følgjer med.

Ta kontakt dersom de ønskjer å låna dåpskjole, tlf. 53771170.

Bli med på vårdugnad og stell den kyrkje- garden du er glad i.



Når me er innom kyrkjegarden for gravferd eller for å setja blomar på gravene ønskjer me at det skal vera velstelt og fint der. Kyrkjegardsarbeidar Linda Horne Hjelmtveit kan ikkje gjera heile vårstellet på dei seks kyrkjegardane åleine. Greiner og lauv samlar seg i store mengder der som i hagane våre heima, og det er tid for dugnad.

Alle kan vera med på dette. Barn er hjarteleg velkomen til å vera med! Ta med rive, greip, spade og gjerne trillebår viss du har bil med plass til det. Kan du ikkje jobba praktisk kan du kanskje ta ansvar for kaffi på termos og noko å bita i etter dugnaden? Meld frå til kyrkjekontoret tlf 53771170 om du vil ta ansvar for serveringa. Vil du raka og rydda er det berre å koma! Me treng mange hender!

I Skånevik og Fjæra er dugnaden tysdag 25.april kl.17.00.. På Grindheim, Gjerde og Stødle er dugnaden onsdag 12. april kl 17.00.

Livets gang

SKÅNEVIK

Døypte:

12.02 Sofia Sævareid Haaland

05.03 Mathilda Sofie Straumsøy

Gravlagde/bisette:

12.01. Kjell Grønfur

26.01. Lill Helen Åsheim

03.02. Vilhelm Martin Fjæra

17.02. Aslaug Gutubø

21.03. Liv Tungesvik

Syng ein påskesalme!

205
T Anders Frostenson 1968, etter en engelsk sang
M Fransk julemelodi

Kor-net har sin vi-la djupt i fru-sen jord,
är ej dött, det väc-kes av ditt ska-par-ord.
Kär-lek från Gud, åt all-ting ger du liv.
Kär-lek med ditt ljus kom, kom och hos oss för-bliv.

2 Han blev hängst på korset, i en grav lagd ner.
Ingen enda väntar möta honom mer.
Kärleken når långt bortom död och grav.
Kärlek med ditt ljus kom,
kom och dröj hos oss kvar.

3 Han var vetekornet, låg i jordens djup.
Han stod upp en påskdag, lever bland oss nu.
Aldrig en sol har lyst så stark och klar.
Kärlek med ditt ljus kom,
kom och dröj hos oss kvar.

4 Väntande på värme vilar rot och frö,
vet att våren kommer. Varje träd och ört
brister i blom på sin bestämda tid.
Kärlek med ditt ljus kom,
kom och hos oss förbliv.

266
PÅSKETIDEN

I salmeboka har me mange å velja i. Det er over 100 salmar for påsketida; frå faste, gjennom sjølvaste påska og fram til Kristi Himmelfartsdag. Me syng om djupaste mørke og det strålende lyse – om stor sorg og stor glede. Mange salmar er kjende og kjære for mange og mykje brukt, tenk berre på t.d. Deg være ære, Naglet til et kors på jorden, Påskemorgen slukker sorgen, Jesus lever, grava brast, og Dine hender er fulle av blomster. Andre salmar er meir ukjende, og kan lett forsvinna mellom alle dei kjende og «vanlege».

Ein av desse siste er kanskje NoS 205; Kornet har sin vila

Opprinneleg er dette ein engelsk salme, men

Anders Frostenson har omsett og bearbeidd teksten til svensk. Teksten med alle dei fine bileta frå naturen, er bygd på Joh 12,24: *Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.*

Melodien er ein fin, lettleg fransk julemelodi. Bruken av ein juletone er med på å trekka trådar mellom jule-evangeliet og Jesu død og oppstode.

Går du inn på «Salmeboka minutt for minutt» på NRK sine nettsider, finn du denne salmen (i tillegg til mange andre påskesalmar) i episode 8.

Tone Heide